



VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

Grendautvala i Volda kommune

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2013/1011	3050/2014	Q10	SVK/ US	31.03.2014

MELDING OM POLITISK VEDTAK - RETNINGSLINJER FOR KOMMUNALT VEGNETT I VOLDA KOMMUNE

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 27.03.14, hadde føre ovannemnde som sak PS 36/14, der det vart gjort slikt vedtak:

Fylgjande retningslinjer for kommunalt vegnett skal gjelde frå 27.03.2014:

- 1. Vegar som skal vere kommunale og ha kommunalt driftsansvar er:**
 - *Kyrkje, gravstadar, offentlege bygg*
 - *Kommunale parkeringsplassar*
 - *Kommunale byggefelt*
 - *Private byggefelt der kommunen overtek va-anlegg og bustadgate i medhald av utbyggingsavtale*
 - *Samleveggar i sentrum og på bygdene*
 - *Idrettsanlegg*
- 2. Kommunale vegar som ikkje kjem inn under punkt 1 vert å vurdere omklassifisert til privat veg, som døme:**
 - *Vegarmar som går ut frå samleveggar, mindre enn 300m*
 - *Vegar der det er alternativ tilkomstveg*
 - *Skogsvegar brukt som turveg*
 - *Fråflytta gardsbruk*
 - *Omklassifiserte veggar frå riksveg/ fv som kommunen ikkje har bruk for lenger*
 - *Vegar som fører til hytteområde med sterkt privatisert område*
- 3. For kommunal veg som vert omklassifisert til privat veg der vegstrekninga er lang kan det vurderast eit årleg driftstilskot i samband med vedtak om omklassifisering. Moment som vert å vurdere er m.a næringsverksemd og/el få brukarar der drifta vert belastande.**
- 4. Nye søknader om kommunal overtaking av privat veg til kommunal drift skal handsamast etter fylgjande prinsipp:**

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no	www.volda.kommune.no		
Stormyra 2	Telefon:	Telefaks:	Org. nr:	Bankgiro:
6100 Volda	70058886	7005870170058701	939 760 946	3991.07.81727

- *Kan imøtekomast når der er reguleringsplan, utbyggingsavtale og vegen løyser ut minimum 5 bustader.*
 - *Kan imøtekomast for eks. tomtefelt med min. 4 bustadtomter når det er utbygt med kommunal standard, 8 tonn aksellast, fast dekke, snuplass for liten lastebil, veglys og heftefritt skøyte på veggrunn og ligg inn til eksisterande kommunalt vegnett.*
 - *Kan imøtekomast når vegparsell kan inngå som del i samlevegnett eller i bustadgate. Krav vil vere utbyggingsavtale mellom kommunen og vegeigar.*
5. *Dersom vegar som i dag er kommunale med heimel i retningslinene skal gjerast private, skal dette i kvart einskild tilfelle vedtakast av kommunestyret.*
6. *Idrettsanlegga*
Volda stadion, Volda skisenter, Fotballbana i Myrane på Folkestad og fotballbane ved Dalsfjord skule. Dei øvrige eksisterande idrettsanlegga i kommunen får uendra vegtilkomst eller auka veglengd etter evt. omklassifisering frå kommunal veg til privat veg.

Sakutgreiinga med vedlegg følger vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:
Sektorsjef for Teknisk Rune Totland
Sakshandsamar Teknisk Asbjørn J. Aasebø
Leiar servicekontoret Inger-Johanne Johnsen

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn J. Aasebø

Arkivsak nr.: 2013/1011

Arkivkode: Q10

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
58/14	Formannskapet	18.03.2014
36/14	Kommunestyret	27.03.2014

RETNINGSLINJER FOR KOMMUNALT VEGNETT I VOLDA KOMMUNE

Handsaming i kommunestyret:

Odd A. Folkestad tok sete. (26 røysteføre til stades i framhald av møtet).

Notat datert 21.03.14 var lagt ut på lesebretta møtedagen. Kommunestyret tok ein kort lesepause.

Ordførar kom med fylgjande alternativt framlegg til pkt. 6 i formannskapet si tilråding i samsvar med rådmannen sitt notat:

- *Idrettsanlegga Volda stadion, Volda skisenter, Fotballbana i Myrane på Folkestad og fotballbane ved Dalsfjord skule.*

Dei øvrige eksisterande idrettsanlegga i kommunen får uendra vegtilkomst eller auka veglengd etter evt. omklassifisering frå kommunal veg til privat veg.

Røysting:

Pkt. 1 – 5 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedtekne.

Ved alternativ røysting mellom pkt. 6 i formannskapet si tilråding og ordføraren sitt framlegg, vart framlegget frå ordførar samrøystes vedteke. Formannskapet si tilråding til pkt. 6 fekk 0 røyster og fall.

Vedtak i Kommunestyret - 27.03.2014

Fylgjande retningslinjer for kommunalt vegnett skal gjelde frå 27.03.2014:

1. Vegar som skal vere kommunale og ha kommunalt driftsansvar er:

- **Kyrkje, gravstadar, offentlege bygg**
- **Kommunale parkeringsplassar**
- **Kommunale byggefelt**
- **Private byggefelt der kommunen overtek va-anlegg og bustadgate i medhald av utbyggingsavtale**
- **Samlevegane i sentrum og på bygdene**

- **Idrettsanlegg**

2. Kommunale vegar som ikkje kjem inn under punkt 1 vert å vurdere omklassifisert til privat veg, som døme:

- **Vegarmar som går ut frå samleveggar, mindre enn 300m**
- **Vegar der det er alternativ tilkomstveg**
- **Skogsveggar brukt som turveg**
- **Fråflytta gardsbruk**
- **Omklassifiserte vegar frå riksveg/ fv som kommunen ikkje har bruk for lenger**
- **Vegar som fører til hytteområde med sterkt privatisert område**

3. For kommunal veg som vert omklassifisert til privat veg der vegstrekninga er lang kan det vurderast eit årleg driftstilskot i samband med vedtak om omklassifisering. Moment som vert å vurdere er m.a næringsverksemd og/el få brukarar der drifta vert belastande.

4. Nye søknader om kommunal overtaking av privat veg til kommunal drift skal handsamast etter fylgjande prinsipp:

- **Kan imøtekomast når der er reguleringsplan, utbyggingsavtale og vegen løyser ut minimum 5 bustader.**
- **Kan imøtekomast for eks. tomtefelt med min. 4 bustadtomter når det er utbygt med kommunal standard, 8 tonn aksellast, fast dekke, snuplass for liten lastebil, veglys og heftefritt skøyte på veggrunn og ligg inn til eksisterande kommunalt vegnett.**
- **Kan imøtekomast når vegparsell kan inngå som del i samlevegnett eller i bustadgate. Krav vil vere utbyggingsavtale mellom kommunen og vegeigar.**

5. Dersom vegar som i dag er kommunale med heimel i retningslinene skal gjerast private, skal dette i kvart einskild tilfelle vedtakast av kommunestyret.

6. Idrettsanlegga

Volda stadion, Volda skisenter, Fotballbana i Myrane på Folkestad og fotballbane ved Dalsfjord skule. Dei øvrige eksisterande idrettsanlegga i kommunen får uendra vegtilkomst eller auka veglengd etter evt. omklassifisering frå kommunal veg til privat veg.

Handsaming i formannskapet:

Innspel frå Hans Peter Eidseflot, vart lagt ut på lesebretta på møtedagen.

Teknisk sjef Rune Totland var til stades under handsaminga av saka.

Odd A. Folkestad kom med slikt framlegg til nytt pkt. 5 og 6:

5. Dersom vegar som i dag er kommunale med heimel i retningslinene skal gjerast private? skal dette i kvart einskild tilfelle vedtakast av kommunestyret.

6. Administrasjonen blir beden om å definere kva som er meint med "Idrettsanlegg" i pkt. 1 i vedtaket.

Lars Barstad kom med framlegg om å utsette saka. Etter ei kort drøfting, trekte han framlegget om utsetting.

Røysting:

Det vart først røysta over tilrådinga frå administrasjonen, som vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå Odd A. Folkestad, nytt pkt. 5 og 6, vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 18.03.2014 til Kommuenstyret:

Fylgjande retningslinjer for kommunalt vegnett skal gjelde frå xx.xx.2014:

1. *Vegar som skal vere kommunale og ha kommunalt driftsansvar er:*
 - *Kyrkje, gravstadar, offentlege bygg*
 - *Kommunale parkeringsplassar*
 - *Kommunale byggefelt*
 - *Private byggefelt der kommunen overtek va-anlegg og bustadgate i medhald av utbyggingsavtale*
 - *Samleveggar i sentrum og på bygdene*
 - *Idrettsanlegg*

2. *Kommunale vegar som ikkje kjem inn under punkt 1 vert å vurdere omklassifisert til privat veg, som døme:*
 - *Vegarmar som går ut frå samleveggar, mindre enn 300m*
 - *Vegar der det er alternativ tilkomstveg*
 - *Skogsveggar brukt som turveg*
 - *Fråflytta gardsbruk*
 - *Omklassifiserte vegar frå riksveg/ fv som kommunen ikkje har bruk for lenger*
 - *Vegar som fører til hytteområde med sterkt privatisert område*

3. *For kommunal veg som vert omklassifisert til privat veg der vegstrekninga er lang kan det vurderast eit årleg driftstilskot i samband med vedtak om omklassifisering. Moment som vert å vurdere er m.a næringsverksemd og/el få brukarar der drifta vert belastande.*

4. *Nye søknader om kommunal overtaking av privat veg til kommunal drift skal handsamast etter fylgjande prinsipp:*
 - *Kan imøtekomast når der er reguleringsplan, utbyggingsavtale og vegen løyser ut minimum 5 bustader.*
 - *Kan imøtekomast for eks. tomtefelt med min. 4 bustadtomter når det er utbygt med kommunal standard, 8 tonn aksellast, fast dekke, snuplass for liten lastebil, veglys og heftefritt skøyte på veggrunn og ligg inn til eksisterande kommunalt vegnett.*

- *Kan imøtekomast når vegparsell kan inngå som del i samlevegnett eller i bustadgate. Krav vil vere utbyggingsavtale mellom kommunen og vegeigar.*

5. Dersom vegar som i dag er kommunale med heimel i retningslinene skal gjerast private? skal dette i kvart einskild tilfelle vedtakast av kommunestyret.

6. Administrasjonen blir beden om å definere kva som er meint med "Idrettsanlegg" i pkt. 1 i vedtaket.

Administrasjonen si tilråding:

Fylgjande retningslinjer for kommunalt vegnett skal gjelde frå xx.xx.2014:

1. Vegar som skal vere kommunale og ha kommunalt driftsansvar er:

- *Kyrkje, gravstadar, offentlege bygg*
- *Kommunale parkeringsplassar*
- *Kommunale byggefelt*
- *Private byggefelt der kommunen overtek va-anlegg og bustadgate i medhald av utbyggingsavtale*
- *Samleveggar i sentrum og på bygdene*
- *Idrettsanlegg*

2. Kommunale vegar som ikkje kjem inn under punkt 1 vert å vurdere omklassifisert til privat veg, som døme:

- *Vegarmar som går ut frå samleveggar, mindre enn 300m*
- *Vegar der det er alternativ tilkomstveg*
- *Skogsveggar brukt som turveg*
- *Fråflytta gardsbruk*
- *Omklassifiserte vegar frå riksveg/ fv som kommunen ikkje har bruk for lenger*
- *Vegar som fører til hytteområde med sterkt privatisert område*

3. For kommunal veg som vert omklassifisert til privat veg der vegstrekinga er lang kan det vurderast eit årleg driftstilskot i samband med vedtak om omklassifisering. Moment som vert å vurdere er m.a næringsverksemd og/el få brukarar der drifta vert belastande.

4. Nye søknader om kommunal overtaking av privat veg til kommunal drift skal handsamast etter fylgjande prinsipp:

- *Kan imøtekomast når der er reguleringsplan, utbyggingsavtale og vegen løyser ut minimum 5 bustader.*
- *Kan imøtekomast for eks. tomtefelt med min. 4 bustadtomter når det er utbygt med kommunal standard, 8 tonn aksellast, fast dekke, snuplass for liten lastebil, veglys og heftefritt skøyte på veggrunn og ligg inn til eksisterande kommunalt vegnett.*
- *Kan imøtekomast når vegparsell kan inngå som del i samlevegnett eller i bustadgate. Krav vil vere utbyggingsavtale mellom kommunen og vegeigar.*

Vedleggsliste:

1. Retningslinjer for kommunalt vegnett- Sendt på høyring etter vedtak i formannskapet 04.06.2013.
2. Høyringsuttale frå Dalsbygd grendautval datert 27/8-2013
3. Høyringsuttale frå Bjørkedal grendautval datert 30.08.2013
4. Høyringsuttale frå Hjartåbygda grendautval datert 14.10.2013

Uprenta saksvedlegg:

Ingen

Samandrag av saka:

Etter drøfting i *prosjektgruppa for reduksjon av kostnader* vart administrasjonen beden om å legge fram ei sak om det kommunale vegnettet. Retningslinjer for kommunalt vegnett vart sendt på høyring etter vedtak i formannskapet 04.06.2013.

Det kom inn 3 høyringsuttalar:

- Dalsbygd Grendautval
- Bjørkedal grendautval
- Hjartåbygda grendautval

For nærmare omtale av høyringsuttalane viser eg til saksutgreiinga nedanfor.

Saksopplysningar:

Eg vil kort kommentere innkomne merknader:

Dalsbygd grendautval:

Grendautvalet meiner det ikkje er grunnlag for å endre vedlikehaldet for vegnettet i Dalsbygda.

Kommentar: Eg tolkar høyringsuttalen slik at grendalaget ynskjer vegnettet uendra i høve til dagens kommunale vegnett i Dalsbygd krins. Slik retningslinjene er utforma vil det bety endringar/ omklassifiseringar av kommunalt vegnett til privat veg i Dalsbygd krins i form av omklassifisering av kommunalt vegnett til privat veg .

Bjørkedal grendautval:

Ser positivt på ei opprydding i det kommunale vegnettet i Volda og ser fram til at det vert utarbeidd klare retningsliner for kva vegar som skal vere kommunale og ha kommunalt driftsansvar. Grendalaget er opptekne av at vegar som bind saman og/ eller gir tilkomst til område som er viktige for innbyggjarane i samband med rekreasjon og friluftaktivitetar fritt og trygt kan nyttast av alle. Det same gjeld turistvegar og vegar av historisk verdi, anten i seg sjølv eller fordi dei gir tilkomst til område som har slik verdi. Grendalaget meiner at desse interessene best blir ivaretekne om slike vegar er kommunale og har kommunal drift.

Grendalaget tilrår nytt kulepunkt under pkt. 1 Vegar som skal vere kommunale og ha kommunalt driftsansvar er:

- *Turistvegar og gjennomgangsvegar som sikrar innbyggjarane trygg tilkomst til store og viktige område for rekreasjon og friluftsliv. Vegar av historisk verdi.*

Kommentar: I Bjørkedalen har vi ein kommunal veg over Brekka til Nordfjord som både er gjennomgangsveg og veg av historisk verdi (Den gamle postvegen Bergen – Trondheim).

Første delen av vegen etter bebyggelsen på Søre Bjørkedal vert i hovudsak brukt som skogsbilveg frå skogsområde. Vidare oppover mot Vasslida og Sogn og Fjordane grense er vegen meir brukt til rekreasjon/ friluftsliv og som gjennomgangsvog. Andre stadar i landet er gjennomgangsvogar svært ofte private bomvegar der eit veglag står for vedlikehald og drift. Rådmann meiner at sjølv om deler av ein veg er av historisk verdi kan drift og vedlikehald likevel gjennomførast av eit veglag finansiert med bompengar. Slik retningslinene er utforma kan det bety endringar/ omklassifiseringar av kommunalt vegnett til privat veg i Bjørkedalen.

Hjartåbygda grendautval:

I høyringsuttalen peiker grendautvalet på fylgjande:

- *Det beste for bygda hadde vore om privat veg til Furneset (1300m) vart omklassifisert kommunal veg. Viser til at det tidlegare har vore teke opp med kommunen om omklassifisering til kommunal veg/ driftstilskot til vegen.*
- *Løviknesvegen har 11 hustomar, er nybygd over 1000m. Det er venta auka busetnad og vegen er å sjå på som samleveg for fleire hus/ gardsbruk i bygda. Uavklara når kommunen skal overta drifta på denne vegen frå Staten vegvesen.*
- *Punkt 3 om kommunetilskot til vegar som vert omklassifisert frå kommuneveg til privat veg vil kunne få årleg driftstilskot. Grendalaget finn det urettferdig for kommunen sine innbyggjarar at det skal gjerast skilnad på dei "nye" vegane som kommunen omklassifiserer til privat veg og dei som alt er private.*
- *Volda kommune på passe på at fylkesvegen som vert overteken er i god stand med skikkeleg asfaltdekke.*

Kommentar:

Til kulepunkt 1: Volda kommune har som vilkår for kommunal overtaking av privat veg at vegen skal vere oppgradert til kommunal standard som omfattar veg/ bustadgate med fast dekke, 8 tonn aksellast, evt. veglys, autovern og snuplass for liten lastebil. Krav til snuplass er i dag lastebil. I tillegg skal heftefritt skøyte på veggrunn. Furnesvegen har i dag ikkje ein standard som vert sett for kommunal overtaking.

Til kulepunkt 2: Vegen er lagt ut til privat veg. I sin uttale til omklassifisering prøvde kommunen å få den som gang/ sykkelveg langs framtidig E39. Dette fekk vi ikkje gjennomslag for.

Til kulepunkt 3: Pkt. 3 i retningslinene om årleg driftstilskot er tenkt på tilfelle der vegen er lang, har næringsverksemd og /eller få brukarar og drifta vert belastande. Dersom det skal innarbeidast tilskot til vedlikehald private vegar må det utarbeidast regelverk for tilskotsregime. I dette regelverket vil avgrensingar veglengde/ tilskotsstorleik verte fastlagt.

Til kulepunkt nr. 4: Ved omklassifisering av fylkesveg til kommuneveg vil det bli synfaring av vegen med protokoll der manglar vert opplista og med frist for utbetring. Dette vil også verte gjort i denne omklassifiseringa.

Slik retningslinene er utforma vil det bety endringar/ omklassifiseringar av kommunalt vegnett til privat veg i Hjartåbygda krins.

Rådmann vil vidare peike på fylgjande:

Målet med å føreta omklassifisering av kommunale vegar er todelt:

- Innsparingar av drifts- og vedlikehaldskostnader.

- Ynskje om mest mogeleg likebehandling av vegar som har samanliknbar status.

Kommunestyret har i budsjettet for 2014 lagt til grunn eit innsparingskrav på kr 100 000 ved omklassifisering av kommunale vegar.

Det er tilfeldig kva for vegar som er kommunale og kva for vegar som ikkje er det. Særleg gjeld dette kommunale vegar til eitt eller få gardsbruk og spreidde bustader

Nedklassifisering av vegar bør i sentrum/ bustadområdet fylgje dei same retningslinene som vert nytta ved fastlegging av vegstatus i nye utbyggingsområde.

Til pkt. 3 i retningslinene.

Omklassifisering av kommunal veg til privat veg kombinert med ei tilskotsordning for drift og vedlikehald av den private vegen må vurderast innført. Regelverk for tilskotsordning bør innehalde fylgjande:

- Volda kommune gir etter søknad tilskott til drift og vedlikehald av tidlegare kommunale vegar som har fått endra vegstatus til privat veg etter xx.xx.2014.
- Det skal vere ein eigendel på min. 300m veg pr. bueining.
- Søknad på fastsett skjema av kommunen.
- Budsjettramma for tilskot private vegar vert fastsett av kommunestyre kvart år i budsjettvedtak.
- Tilskotsordninga vert kunngjort kvart år med søknadsfrist.
- Rådmann har fullmakt til å avgjere søknadane.
- Klage på behandling etter regelverk etter forvaltningslova sine føresegner.

Til pkt. 4. i retningslinene.

Kommunen bør ta ein gjennomgang på om tal bueiningar bør aukast i både kulepunkt 1 og 2. Spesielt for konsentrerte område bør internvegar vere felles tilkomst. I eksisterande regulert område må regulert offentleg veg gjennom omregulering for å kunne verte omklassifisert til privat veg.

Vurdering og konklusjon:

Rådmann må førebu sak til formannskap og kommunestyre om omklassifisering av kommunale vegar i medhald av veglova, forvaltningslova og retningsliner for kommunalt vegnett i Volda kommune når dei er vedtekne.

Vidare må det leggjast fram nærare regelverk for ev tilskotskordning for godkjenning.

Helse og miljøkonsekvensar:

Liv/ helse vil truleg ikkje verte påverka av evt. omklassifiseringar. Ei omklassifisering kan føre til reduksjon i standard på brøyting dersom dei private som er ansvarlege for vegen ikkje prioriterer dette, slik at det kan få verknad for heimeteneste og naudetatane. Denne problemstillinga vil i prinsippet vere den same for alle private vegar, enten dei alltid har vore private eller om dei har vorte omklassifisert frå kommunale til private.

Økonomiske konsekvensar:

Dersom retningslinjene for kommunale vegar vert vedtekne, vil det kunne redusere auke i veglengde og såleis gi reduserte kostnader for kommunen. Omklassifisering av kommunale

vegar er eitt av fleire tiltak som kommunestyret har lagt til grunn for å få balanse i kommuneøkonomien i åra framover. For private som får overført kommunal veg til privat veg vil det føre til auka kostnader og meir ansvar/ arbeid.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Vurdert.

Rune Sjurgard
rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Grendalaga i Volda kommune
Teknisk sektor i Volda kommune